

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.- 22.11.2018

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegne av H, Frp og V fram slikt forslag.

Alternativt:

«Fylkesutvalet tek klagan til følgje, og det vert gitt samtykke til forretningsområde på Smålonane slik det er søkt om.»

Røysting

Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 9 røyster (A, Sp, Krf, SV) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek ikkje klagan til følgje, og det vert ikkje gitt samtykke til forretningsområde på Smålonane slik det er søkt om. Å opne for eit breitt handelstilbod på Smålonane vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport.
2. Det vert gitt samtykke dersom føreseggnene i reguleringsplanen vert endra i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.